

Fylkesordføraren gir slikt svar:

I samband med oppblomstringa av Covid-19 i haust, vart det innført påbod om bruk av munnbind mellom anna ved bruk av kollektivtransport i Bergen og nabokommunane. Påbodet gjeld dersom det ikkje er råd å halde 1 meter avstand til andre. For kommunane elles i Vestland er det tilrådd å bruka munnbind når 1-metersregelen ikkje kan holdast.

Representantane Midelfart Hoff og Øvre-Flo (H), peikar på at bruk av eingongs munnbind utgjer ein betydeleg avfallsbelastning og at vi ser ei aukande grad av forsøpling, mellom anna ved kollektivknutepunkta. For å redusere forsøplinga ber dei fylkeskommunen kjøpe inn tøy-munnbind, som ein skal selje vidare til elevar i vidaregåande skule til rabattert pris.

Den nasjonale tolkinga seier at munnbind er ein del av den personlege utrustninga på lik linje med klede og sko. Elevar i vidaregåande skule må difor sjølve skaffe munnbind. Dersom fylkeskommunen skal gjennomføre ein anskaffelseprosess, distribuere og selje tøy-munnbind til elevane, vil det vere ein tid- og arbeidskrevjande prosess som skulane ikkje har kapasitet til å gjennomføre slik situasjonen er no.